**Øystese sokneråd**
**5610 Øystese**
**Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad: Øystese kyrkje**
Dato: 05.09.2023
Tid: kl. 19.00 - 21.00
Soknerådsmøta er opne.

MERK: 3 av soknerådsmedlemene er på eit infomøte om valet 11.9 i Norheimsund kyrkje kl 1800-1900, men vi satsar på minimal forseinking av ØSR-møtet av denne grunn

| | |
|---|---|
| **Dato**: 07. februar 2023 | |
| **Innkalla** :<br>Roar Strømme, Marita Dalatun, Kjell Dysvik, Erna Haltvik,<br>Jan Hellingsrud, Edel Huse, Bente Helen Rykkje Jordalen,<br>Eli Skaar Kvarv, Mari Laupsa, Astrid Lunestad, Oddvar Ulltang, Ruben Øystese, Sveinung Lid Aalvik, Therese Rykkje Aalvik | |
| Ikkje til stades: Erna, Sveinung, Therese – alle med melde og rimelege fråversgrunnar | |

| NR: | SAKER: | MERKNADER: |
|---|---|---|
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | Innkalling godkjent. Kommentar: nummereringa skulle vore fortløpande etter kvart møte, ein skal ikkje byrja på nytt igjen for kvart møte. Me held fram slik til nytt sokneråd overtar, så gjer dei det riktig då.<br>Referat godkjent. |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | - Vidare arbeid med tekstane/skilt til ulike bilete og gjenstandar i kyrkja. Me kjem tilbake til dette på neste møte.<br>- Rutine for nøklane i Øystese kyrkje:<br>Kjell<br>Oddvar<br>Ruben<br>Eli<br>Desse har ein nøkkel kvar. Dette bør meldast inn til kyrkjeverja.<br>- Inititativ til julesongsamling i kyrkja. 20.12 – samling der ein syng i lag. Harald Kjosås har teke initiativ og ynskjer soknerådet med som arrangør, i tillegg til Indremisjonen. Dette ynskjer me sjølvsagt å vera med på.<br>- Grendalaget kalla inn til møte. Dei hadde fått ein større pengesum til beplanting – på vegen ned til Skyspace. Fekk fullmakt til å kjøpa nokre hekkeplanter for å planta langs |

| | | |
|---|---|---|
| | | gjerdet. Skulle ikkje vera for stor til at den tek utsikta.<br>- Plakat på plakattavla – kunne kyrkjetenaren hengt opp lapp med gudsteneste, evt hengt opp ei liste over framtidige gudstenester? Meir som ein semesterplakat? Nokon i soknerådet som skal ta dette? Evt nokon andre som kan ta jobben? Om det vert ein semesterplan, kan kanskje kyrkjetenar ta den med? Frankie?<br>- Avisoppslag – levande ljos i tom kyrkje. Det har vore ting tilgjengeleg i kyrkja i sommar som ikkje skulle vore det, her er nokre rutinar som har svikta. Dette må me passa betre på til neste år. |
| 2. | Evaluering gudstenester mm | - Føremiddagstreffet 05.09 – Karen Mathiesen fortalde om stølsliv i Kvam. Ca. 30 møtte – interessant stund. Roar og Ulf var med og leia og spela. Eli hadde styr på maten. God prat rundt bordet etterpå.<br>- Konfirmantpresentasjon og 50-årskonfirmantar søndag 03.09 – ei flott stund med veldig gode tilbakemeldingar. 16 konfirmantar møtte, 35 50-årsjubilantar møtte.<br>- Friluftsgudsteneste på Fetet 20.08 – ca. 30 møtte. Fint ver og flott preik. Flott med musikk til – utvalde frå musikklaget stilte.<br>- 23.07 – Jan og Eli var vertar – Arne var prest. Dåp.<br>- 25.06 – Ruben klokkar, Bente Helen og Sveinung vertar. Dåp, 3 barn. Arne var prest. Kyrkjekaffi avlyst grunna varmen. |
| 3. | Soknerådsval 2023 | - Suppleringsval – status<br>- Vaktliste sjølv valdagen 11.9<br><br>Søndags kveld (10.9) (Kl. 20.00)<br><br>Oppsett av lokalet, urner, lister mm<br><br>Oddvar og Marita<br><br>1000-1330<br><br>Jon Kristian Rykkje, Kjell, Helga Håland?<br><br>1330-1700 |

| | | |
|---|---|---|
| | | Hans Atle Soldal, Harald Lundestad, Bente Helen<br><br>1700-2000<br><br>Oddvar, Ruben, Jan<br><br>Oppteljing (etter kl 2000)<br><br>Oddvar, Mari, Eli - desse er valt som stemmestyre.<br><br>Edel, Marita og Erna fiksar matservering til dei som jobbar. Hugs Jan! |
| 4 | Rekruttering til soknepreststillinga | - Vegen vidare etter ingen søkjarar ved 3. utlysing<br>- Ingen søkjarar og ingen har teke kontakt. Ikkje meir informasjon etter dette, men prosten kjem neste veke og vil nok då informera nærare. Ein skulle kanskje hatt eit møte med bispedømet og høyra kva vegen vidare er? |
| 5 | Kvalitetssikring av oppgåver september og oktober | - Førsamling / Konfirmantpresentasjon<br>- Justering av kyrkjevert/klokkarliste<br>- 17.09 – utdeling av 4-årsbok med forsamling tysdag 12.09 – Bente Helen og Marita<br>17.09 – St. Sunnivakoret, Barnekoret, utdeling av 4-årsbok og hausttakkegudsteneste: Pynting og kyrkjekaffi: Ruben spør Åshild Bekkesletten – Kvinne- og familielaget – om dei kan pynta kyrkja til hausttakkegudstenesta og ha kyrkjekaffien. Kyrkjevertar: Eli (for Bente Helen) og Therese.<br>- Ljosmesse 10.12: Det nya soknerådet tek saken med å finna kyrkjevertar til denne gudstenesta. Kjell held kontakten med Mampion om gangen i dette.<br>- 29.11 – Fest på kjerka med Arne: Astrid + ein i frå det nye soknerådet.<br>- Klokkar 24.12 – Astrid<br>Klokkar 5.11 – Ruben<br>- 01.10 – Oddvar og Marita er kyrkjevertar.<br>- 15.10 – Edel og Sveinung |
| | Eventuelt | - Det er veldig fint rundt kyrkja – takk til dei som gjer det så fint!<br>- Søknad om støtte til konsertserien som organistane arrangerte i sommar – |

| | | |
|---|---|---|
| | | underskot på 8000kr. Me kjem tilbake til denne saken etter undersøkjing om det er eit fond som kan dekka dette underskotet.<br>- Soknerådsprotokollane – Riksarkivet etterlyser frå 1920 – 1980, finn ikkje desse i dette tidspunktet. Veit nokon noko om dette? Kan spørja Jarle Sortevik om han veit noko, om han har høyrt noko om kor desse dokumenta vart oppbevart i dette tidspunktet. Kan det vera eit arkiv oppe på bedehuset? Kanskje Harald Kjosås veit noko?<br>- Avslutning for soknerådet? Velkomst for dei nye? Skifte 1. november – felles soknerådsmøte 07.11. Konstituering av nytt styre. Gamalt styre går halvvegs i møtet opp i bedehuset og lagar til der. Oddvar bestiller bedehuset. Felles matstund og fellesskap der etter konstituering.<br>- Presentasjon av nytt sokneråd på gudsteneste 19.11. |
| | | Møtet vert avslutta med Vår far |